

Vedlegg til høyringa om Justering av hovudgudstenesta

Ei høyring om Justering av hovudgudstenesta vart sendt ut 10. januar med høyringsfrist til 10. april. Høyringsforslaget ligg føre berre på bokmål, og enkelte har etterlyst ein nynorsk versjon av høyringsutkastet. Det er få nye tekstar i høyringsforslaget, og omtale av dei enkelte gudstenesteledda er det ikkje så naudynt å omsetje i denne omgang.

I høyringsforslaget er det få nye bønner. Men no er dei nye bønene som finst sette om til nynorsk, og ligg føre i dette vedlegget. Også endringar i nokre av nattverdbønene er teke med. Det er framleis naudsynt å lese bokmålsforslaget for å skjønne kva for nokre ledd som vert endra frå å vere obligatoriske ledd til å bli valfrie ledd, eller motsett.

Eit forslag til ei ny syndsvedkjenning på nynorsk ligg allereie føre i høyringsforslaget. Her følgjer dei nye bønene som tidlegare ikkje er sette om til nynorsk:

Oslo, 5. mars 2018

Hans Arne Akerø, seksjonssjef i Kyrkjerådet

Ny samlingsbøn 9

(sjå bøna på bokmål, side 21 i høyringsforslaget)

ML: Gud, du som ved ordet ditt skapte alt,

A: jord og hav og himmel høyrer deg til.

ML: Du er oss nær, du omgjev oss,

A: kvar levande celle ber di skaparkraft.

ML Anden din gjev glede til alt som lever,

A: og med Anden lengtar vi etter rettferd -

ML at skaparverket skal bli løyst frå lenkjene,

A: og svoltne skal få mat,

ML at fangar skal bli sette fri,

A: og at riket ditt skal koma med fred til jorda. Amen.

Ny forbøn 5

(sjå bøna på bokmål, side 32 i høyringsforslaget)

Gud, du har skapt himmel og jord.

Vi takkar deg for alt liv.

Lær oss å ta vare på skaparverket ditt
og forvalta det med omsorg og visdom.

Gud, du elsker alle menneske.

Vi takkar deg for fred og fridom.

Vi bed om kraft til å forsvara dei svake
og til å kjempa for rettferd og fred.

Gud, du bur i hjarta våre.

Vi takkar deg for glede og livskraft.

Vi bed om hjelp til å følgja kallet frå deg
og om nåde til å leva i trua på deg.

Gud, du gjev kyrkja styrke.

Vi takkar deg for helgenar og martyrar som vitna om deg.

Vi bed om klårsyn til å sjå din vilje

og mot til å leva slik du vil.

I Jesu namn.

Amen.

Nattverdsbøn B

(Etter Hippolyt 200-talet)

(Sjå side 39 i høyringsforslaget)

Innleiande lovprising

L | messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller fylgjande ord:

Vi takkar deg, Gud, ved den elska Son din, Jesus Kristus. Han er det evige Ordet, og ved dette Ordet skapte du alt. Då tida var inne, sende du han til verda som frelsar og frigjerar. Difor prisar vi deg, saman med alle dine heilage i himmelen og på jorda:

A syng | Heilag sanctus

L | Vi prisar deg Gud for Jesus Kristus, din tenar. Han kom frå himmelen, og ved Den heilage ande og Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han oppfylte din vilje då han strekte hendene ut på krosstreet. Slik gjorde han døden til inkjes, braut vondskapens lekkjer og openberra for oss oppstoda frå dei døde.

Difor minnest vi hans død og oppstode når vi ber brødet og vinen fram for deg.

Vi bed deg: Send din heilage Ande over desse gåvene, så dei for oss blir brødet til liv og begeret til frelse.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette begeret er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp.
Kristus skal koma att.

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L | Lat alle som får del i brødet og vinen, sameinast til eitt. Fyll oss med din heilage Ande og grunnfest oss i sanninga, så vi kan prisa deg i di heilage kyrkje no og all æve. Amen.

A | Fadervår

Nattverdsbøn E

(Sjå side 42 i høyringsforslaget)

Innleiande lovprising

L | messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen.

eller

L | Vi takkar deg, gode Gud, du som held himmel og jord i dine hender. Du har skapt oss i ditt bilete og gjeve oss livet i gåve. Saman med englane og di kyrkje i himmelen og på jorda lovprisar vi ditt heilage namn:

A syng | Heilag sanctus eller ein annan lovsong.

L | Heilage Gud, vi takkar deg for Jesus Kristus, verdens frelsar. Han døydde og stod opp att for å gje oss evig liv. Vi takkar deg for gåva i dåpen, der vi blir fødde på nytt, og for nattverden, der du samlar oss som dine vener.

Vi bed deg: Send din heilage Ande over brødet og vinen. Gjer oss til eitt med kvarandre og med Jesus Kristus.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette begeret er den nye pakt i

mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp.
Kristus skal koma att.

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L | Gud, fyll oss med din Ande. Ta oss alle i din famn, slik ei kjærleg mor samlar borna sine om seg. Gjev oss å elska kvarandre, slik du elsker oss. Lat dei små bli lyfte opp og dei svoltne bli metta med gode gåver.

Liturgen og/eller eitt eller fleire born seier:

Saman med alle dine born bed vi den bønna Son din har lært oss.

A | Fadervår

Nattverdsbøn G (Ny nattverdsbøn)

(Sjå side 45 i bokmålsforslaget)

Denne korte nattverdsbønna kan brukast ved særskilde høve, til dømes når det er mange som blir døypte i gudstenesta. Også denne bønna innleier vi med punkt 18. Førebuing av måltidet og Prefasjonsdialogen i punkt 19 i Ordning for hovudgudsteneste blir avslutta med punkt 20 og 21.

Innleiande lovprising

L messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller følgjande ord:

L:Gode Gud, du har skapt oss og kalla oss ved namn. Du opnar di hand og mettar alt som lever med det gode. Saman med din kyrkjelyd i himmelen og på jorda lovsyng vi ditt heilage namn:

A *Heilag* Sanctus

L: Vi takkar deg for Jesus Kristus, vår frelsar. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv. Vi bed deg: Send din Ande over oss og gåvene dine, så vi i takk og tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette begeret er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp.
Kristus skal koma att.

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L:/ML: Saman med alle dine born bed vi den bønna som Son din har lært oss.

A | Fadervår